

## EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSFORORDNING (EF) nr. 458/2007

2011/EØS/35/76

av 25. april 2007

## om det europeiske systemet for integrerte statistikkar over sosial tryggleik (ESSPROS)(\*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 285 nr. 1,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet<sup>(1)</sup>,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten<sup>(2)</sup>, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Artikkel 2 i traktaten nemner fremjing av eit høgt nivå for sosial tryggleik som ei av oppgåvene til Fellesskapet.
- 2) Under møtet til Det europeiske rådet i Lisboa i mars 2000 kom det nye impulsar til ein prosess for politisk utveksling mellom medlemsstatane når det gjeld modernisering av systema for sosial tryggleik.
- 3) Ved rådsavgjerd 2004/689/EF vart det skipa eit utval for sosial tryggleik<sup>(3)</sup> som skal lette samarbeidet mellom Kommisjonen og medlemsstatane når det gjeld modernisering og betring av systema for sosial tryggleik.
- 4) I meldinga si av 27. mai 2003 har Kommisjonen utarbeidd ein strategi for å forenkle den opne samordningsprosessen innanfor sosialpolitikken med sikte på å styrkje sosial tryggleik og sosial integrasjon innanfor ramma av Lisboa-strategien. Under møtet sitt 20. oktober 2003 vart Rådet samd om at ei slik forenkling skulle ta til å gjelde frå og med 2006. Innanfor denne ramma skulle ein felles årsrapport vere det viktigaste rapporteringsdokumentet, og såleis samle dei viktigaste analyseresultata og politiske budskapane både med omsyn til den opne samordningsmetoden på dei ulike områda der han vert nytta, og med omsyn til dei overgripande spørsmåla som gjeld sosial tryggleik.
- 5) Med den opne samordningsmetoden er det lagt ny vekt på behovet for statistikkar som kan jamførast og som er aktuelle og pålitelege innanfor området sosialpolitikk. Statistikkar over sosial tryggleik som kan jamførast, vert særleg nytta i dei felles årsrapportane.

6) Kommisjonen (Eurostat) samlar alt inn årlege data om sosial tryggleik frå medlemsstatane på frivillig grunnlag. Denne praksisen er vorten etablert i medlemsstatane, og byggjer på felles metodologiske prinsipp som er utarbeidde for å sikre at slike data kan jamførast.

7) Utarbeidinga av særlege fellesskapsstatistikkar er underlagde dei reglane som er fastsette ved rådsforordning (EF) nr. 322/97 av 17. februar 1997 om fellesskapsstatistikk<sup>(4)</sup>.

8) Dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre denne forordninga, bør vedtakast i samsvar med rådsbeslutning 1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærmele reglar for utøvelsen av den gjennomføringsmyndighet som er tillagt Kommisjonen<sup>(5)</sup>.

9) Kommisjonen bør særleg få fullmakt til å avgjere kva som skal vere det første året då det skal samlast inn fullstendige data om netto ytingar knytte til sosial tryggleik. Kommisjonen bør òg få fullmakt til å vedta tiltak som er knytte til den nærmele klassifiseringa av data som er samla inn, kva definisjonar som skal nyttast og korleis reglane for spreing skal ajourførast. Ettersom dei nemnde tiltaka har eit allment omfang og er utarbeidde for å endre ikkje-vesentlege delar av denne forordninga og utfylle henne ved å leggje til nye ikkje-vesentlege delar, bør dei vedtakast i samsvar med framgangsmåten med forskriftsutval med kontroll i medhald av artikkel 5a i avgjerd 1999/468/EF.

10) Ettersom målet for denne forordninga, som er å skipe felles statistikkstandardar som gjer det mogleg å utarbeide harmoniserte data, ikkje kan nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane og difor betre kan nåast på fellesskapsplan, kan Fellesskapet vedta tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje denne forordninga lenger enn det som er naudsynt for å nå dette målet.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 113 av 30.4.2007, s. 3, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 130/2007 av 28. september 2007 om endring av EØS-avtalens vedlegg XXI (Statistikk), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 9, 21.2.2008, s. 48.

<sup>(1)</sup> TEU C 309 av 16.12.2006, s. 78.

<sup>(2)</sup> Europaparlamentsfråsegn av 30. november 2006 (enno ikkje offentliggjord i TEU), og rådsavgjerd av 22. mars 2007.

<sup>(3)</sup> TEU L 314 av 13.10.2004, s. 8.

<sup>(4)</sup> TEF L 52 av 22.2.1997, s. 1. Forordninga endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

<sup>(5)</sup> TEF L 184 av 17.7.1999, s. 23. Avgjerda endra ved avgjerd 2006/512/EF (TEU L 200 av 22.7.2006, s. 11).

- 11) Det finst eit samarbeid med Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling på området netto ytingar knytte til sosial tryggleik.
- 12) Utvalet for statistikkprogrammet, som vart skipa ved rådsavgjerd 89/382/EØF, Euratom<sup>(1)</sup>, er vorte rådspurt —

#### VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

##### *Artikkel 1*

##### **Mål**

Målet for denne forordninga er å skipe eit europeisk system for integrerte statistikkar over sosial tryggleik (heretter kalla ESSPROS) ved å fastleggje

- a) ei metodologisk ramme som byggjer på felles standardar, definisjonar, klassifikasjonar og rekneskapsreglar som skal nyttast for å utarbeide statistikkar som kan jamførast, til nytte for Fellesskapet,

og

- b) fristar for innsending av statistikkar som er utarbeide i samsvar med ESSPROS.

##### *Artikkel 2*

##### **Definisjonar**

I denne forordninga tyder:

- a) «fellesskapsstatistikkar» det same som i artikkel 2 i forordning (EF) nr. 322/97,
- b) «sosial tryggleik» all innsats frå offentlege eller private organ med sikte på å lette byrdene for hushald og einskildpersonar når det gjeld eit definert sett med risikoar eller behov, på det vilkåret at det ikkje samstundes ligg føre noka motyting eller individuell ordning. Lista over risikoar eller behov som er omfatta av sosial tryggleik, er fastsett til følgjande: sjukdom og/eller helsetenester, funksjonshemming, alderdom, status som etterlaten, familie/barn, arbeidsløyse, bustad og sosial utstøying som ikkje er klassifisert på annan måte,
- c) «ordning for sosial tryggleik» eit særskilt sett med reglar som vert administrert av éin eller fleire institusjonelle einingar som stiller til rådvelde og finansierer ytingar knytte til sosial tryggleik,

- d) «ytingar knytte til sosial tryggleik» overføringar i form av kontant- eller naturalytingar, gjennom ordningar for sosial tryggleik, til hushald og einskildpersonar for å lette byrdene deira når det gjeld éin eller fleire av dei definerte risikoane eller eitt eller fleire av dei definerte behova,
- e) «skatteføremoner» sosial tryggleik i form av skattelette som ville ha vore definert som ytingar knytte til sosial tryggleik dersom dei hadde vore gjevne som kontantyttingar, bortsett frå skattelette som fremjar ytingar knytte til sosial tryggleik eller som fremjar private forsikringsordningar,
- f) «netto ytingar knytte til sosial tryggleik» verdien av netto ytingar knytte til sosial tryggleik, utan skattar og trygde- og pensjonspremiar som mottakarane av ytingane betalar, supplert med verdien av skatteføremonene.

##### *Artikkel 3*

##### **Verkeområdet for systemet**

1. Statistikkane som gjeld det grunnleggjande ESSPROS-systemet, skal omfatte dei finansielle straumane av utgifter og inntekter som er knytte til sosial tryggleik.

Slike data skal sendast inn for kvar einskild ordning for sosial tryggleik. Det skal gjevast detaljerte opplysningar om utgifter og inntekter for kvar einskild ordning i samsvar med ESSPROS-klassifikasjonen.

Når det gjeld kvantitative data for kvar ordning og yting, skal desse sendast inn med tilvising til ei samla klassifisering og til ordningane for utarbeiding og spreieing av data som er fastsette i nr. 1 i vedlegg I. Når det gjeld kvalitative opplysningar for kvar ordning og yting, er dei emna som er omfatta, saman med ordningane for utarbeiding av data, ajourføring av kvalitative opplysningar og spreieing, fastsette i nr. 2 i vedlegg I.

Det første året då det skal samlast inn data, er 2008.

2. I tillegg til det grunnleggjande ESSPROS-systemet skal det leggjast til modular som inneheld utfyllande statistiske opplysningar om pensjonsmottakarar og netto ytingar knytte til sosial tryggleik.

##### *Artikkel 4*

##### **Modul om pensjonsmottakarar**

1. I det grunnleggjande systemet skal det leggjast til ein modul om pensjonsmottakarar frå det første året då det vert samla inn data i medhald av denne forordninga. Dei emna som skal omfattast, saman med dei nærmare reglane for utarbeiding og spreieing av data, er fastsette i vedlegg II.

2. Det første året då det skal samlast inn data, er 2008.

<sup>(1)</sup> TEF L 181 av 28.6.1989, s. 47.

*Artikkel 5***Modul om netto ytingar knytte til sosial tryggleik**

1. Med sikte på innføring av ein modul for netto ytingar knytte til sosial tryggleik skal det innan utgangen av 2008 gjennomførast eit forsøk med datainnsamling for året 2005. Dei emna som skal omfattast, saman med dei nærmare reglane for utarbeiding av data, er fastsette i vedlegg III.

2. På grunnlag av ei samanfating av denne nasjonale forsøksinnsamlinga av data, og på det vilkåret at resultatet av dei aller fleste forsøksstudiane er positive, skal det vedtakast tiltak som gjeld innføringa av ei komplett innsamling av data som gjeld denne modulen, i samsvar med framgangsmåten med forskriftsutval med kontroll som er nemnd i artikkel 8 nr. 3. Ei slik komplett innsamling av data skal setjast i verk tidlegast i 2010.

*Artikkel 6***Datakjelder**

Statistikkane over sosial tryggleik skal byggje på dei følgjande datakjeldene, alt etter kor tilgjengelege dei er i medlemsstatane og i samsvar med nasjonal lovgjeving og praksis:

- a) register og andre administrative kjelder,
- b) rundspørjingar,
- c) overslag.

*Artikkel 7***Nærmare reglar for gjennomføring**

1. Føresegnene for gjennomføring av denne forordninga skal ta omsyn til resultatata frå ein nytte- og kostnadsanalyse, og skal omfatte det grunnleggjande ESSPROS-systemet slik det er fastsett i vedlegg I, modulen om pensjonsmottakarar slik det

er fastsett i vedlegg II og modulen om netto ytingar knytte til sosial tryggleik som er nemnd i artikkel 5.

2. Dei tiltaka som gjeld formata for innsending av data, resultatata som skal sendast inn og kriteria for kvalitetsmåling, skal vedtakast i samsvar med framgangsmåten med forskriftsutval som er nemnd i artikkel 8 nr. 2.

3. Tiltaka som gjeld avgjerda om kva som skal vere det første året då det skal samlast inn fullstendige data, og tiltaka som gjeld den nærmare klassifiseringa av data som er omfatta, definisjonar som skal nyttast og ajourføring av reglane for spreiring, skal vedtakast i samsvar med framgangsmåten med forskriftsutval med kontroll som er nemnd i artikkel 8 nr. 3. Disse tiltaka er utforma med sikte på å endre ikkje-vesentlege delar av denne forordninga, m.a. ved å utfylle henne.

*Artikkel 8***Framgangsmåte**

1. Kommisjonen skal få hjelp av Utvalet for statistikkprogrammet, som vart skipa ved avgjerd 89/382/EØF, Euratom.

2. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 5 og 7 i avgjerd 1999/468/EF nyttast, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkel 8 i den nemnde avgjerda.

Det tidsrommet som er fastsett i artikkel 5 nr. 6 i avgjerd 1999/468/EF, skal vere tre månader.

3. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 5a nr. 1-4 og artikkel 7 i avgjerd 1999/468/EF nyttast, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkel 8 i den nemnde avgjerda.

*Artikkel 9***Iverksetjing**

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Strasbourg, 25. april 2007.

*For Europaparlamentet*

H.-G. PÖTTERING

*President*

*For Rådet*

G. GLOSER

*Formann*

## VEDLEGG I

## DET GRUNNLEGGJANDE ESSPROS-SYSTEMET

1. **Kvantitative data for kvar ordning og yting**

## 1.1. Innsende data

Med tilvising til ei samla klassifisering skal innsende data omfatte følgjande:

## 1.1.1. Utgifter

## 1.1.1.1. Ytingar knytte til sosial tryggleik klassifiserte etter

a) funksjon (som svarar til kvar risiko eller kvart behov),

og

b) for kvar einiskild funksjon etter to inndelingar: med eller utan behovsprøving, og kontantytingar (inndeling etter periodiske ytingar eller eingongsytingar) i motsetnad til naturalytingar.

## 1.1.1.2. Administrasjonsutgifter

## 1.1.1.3. Overføringar til andre ordningar

## 1.1.1.4. Andre utgifter

## 1.1.2. Inntekter

## 1.1.2.1. Trygde- og pensjonspremiar

## 1.1.2.2. Tilskot frå offentleg forvaltning

## 1.1.2.3. Overføringar frå andre ordningar

## 1.1.2.4. Andre inntekter

Data som er omfatta (med tilvising til nærmare klassifisering), vil verte utarbeidde i samsvar med framgangsmåten med forskriftsutval med kontroll som er fastsett i artikkel 8 nr. 3.

## 1.2. Utarbeiding av data

Statistikkane skal utarbeidast kvart år. Data skal vise til kalenderåret i samsvar med nasjonal praksis. Fristen for innsending av data for året N, saman med eventuelle reviderte data frå tidlegare år, er 30. juni i året N + 2.

## 1.3. Spreiing

Kommisjonen (Eurostat) skal offentliggjere data om utgifter til sosial tryggleik for alle ordningane for året N innan 31. oktober i året N + 2. Kommisjonen (Eurostat) skal samstundes spreie detaljerte data for kvar ordning til særskilde brukarar (nasjonale institusjonar som utarbeider ESSPROS-data, kontora til Kommisjonen og internasjonale institusjonar). Desse særskilde brukarane skal berre få løyve til å offentliggjere data om grupper av ordningar.

2. **Kvalitative opplysningar for kvar ordning og yting**

## 2.1. Emne som er omfatta

For kvar einiskild ordning skal dei kvalitative opplysningane omfatte ei allmenn omtale av ordninga, ei nærmare omtale av ytingane og opplysningar om nye endringar og reformer.

2.2. Utarbeiding av data og ajourføring av kvalitative opplysningar

Den årlege ajourføringa av eit fullt sett av kvalitative opplysningar som alt er vorte utarbeidd, vil vere avgrensa til endringar i systemet for sosial tryggleik, og vil verte sendt inn saman med kvantitative data.

2.3. Spreiing

Kommisjonen (Eurostat) vil spreie kvalitative opplysningar fordelt etter ordning innan 31. oktober i året N + 2.

---

*VEDLEGG II***MODUL OM PENSJONSMOTTAKARAR****1. Kategoriar av ytingar som er omfatta**

Denne modulen omfattar data om pensjonsmottakarar som er definerte som mottakarar av éin eller fleire av dei følgjande periodiske kontantyttingane gjennom ei ordning for sosial tryggleik:

- a) uførepensjon,
- b) førtidspensjon på grunn av nedsett arbeidsevne,
- c) alderspensjon,
- d) førtidspensjon,
- e) delpensjon,
- f) etterlatnepensjon,
- g) førtidspensjon som er knytt til tilhøve på arbeidsmarknaden.

**2. Framlegging av data**

Det skal utarbeidast statistikkar kvart år. Grunnlaget vil vere data som ligg føre ved utgangen av kalenderåret. Fristen for innsending av data for året N er 31. mai i året N + 2, fordelt på følgjande måte:

- a) etter ordning for sosial tryggleik,
- b) etter kjønn for summen av ordningane.

**3. Spreiing**

Kommisjonen (Eurostat) skal offentliggjere data for alle ordningane for året N innan 31. oktober i året N + 2. Kommisjonen (Eurostat) skal samstundes spreie detaljerte data for kvar ordning til særskilde brukarar (nasjonale institusjonar som utarbeider ESSPROS-data, kontora til Kommisjonen og internasjonale institusjonar). Desse særskilde brukarane skal berre få løyve til å offentliggjere data om grupper av ordningar.

Kommisjonen (Eurostat) skal offentliggjere og spreie alle data for kvar einskild av dei sju kategoriane til særskilde brukarar (nasjonale institusjonar som utarbeider ESSPROS-data, kontora til Kommisjonen og internasjonale institusjonar) innan 31. oktober i året N + 2.

---

*VEDLEGG III***FORSØKSINNSAMLING AV DATA OM NETTO YTINGAR KNYTTE TIL SOSIAL TRYGGLEIK****1. Emne som er omfatta**

Denne innsamlinga omfattar utrekninga av «netto ytingar knytte til sosial tryggleik».

**2. Utarbeiding av data**

Det skal gjevast opplysningar om kor stor del som vert trekt frå ytingane knytte til sosial tryggleik i form av inntektsskatt og trygde- og pensjonspremiar for året 2005, fordelt etter dei ulike formene for kontantyttingar knytte til sosial tryggleik og helst vidareinndelt etter særlege grupper av ordningar som vert skattlagde på same måten. I vanskelege tilfelle kan resultat rapportert etter høvelege grupper av ytingar, t.d. etter alle dei sju pensjonskategoriane som er førde opp i vedlegg II, eller samla for alle kontantyttingar innanfor ein særskild funksjon. Data om skatteføremoner skal utarbeidast for kvar einskild yting ved hjelp av metoden for tapte inntekter.

---